Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord.

Emne: Bryne

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik

Gard:

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Kvastein kallar ein bryna her.
Hein kallar ein bryne som er sers fine. Det er varty og balber knivar ein kvet med heinar (ein)
2. Ein brukar helst bryne av naturstein. Det fins ikkje brynestein i bygdi.
Før i tidi kom brynesteinen frå Østerdalstraktene. Steinen vart køyrt til Veblungsnes. Derfrå vart han førd i farty til Stavanger til handlarar der. Og so vidare til bygdene rundt bojen.
Det kom og kvasteinar frå Hardanger. (Haring hedler kalla dei steinane. Det var før folk som reiste aust til Telemark å slo. Desse slåttekarane kom jamt att med kvasteinar. Det var vel Eidsborg bryne.
3. Alle reidskapane vert fyrst slipt på rund slipestein og so etterpå kvatt med kvastein. Dette gjeld og balber knivar

629

2

4. [4] Folk som bur no hugsar ikkje at ljådne vert tynte. Men det er ikkje lenger sidan det vart jort enn at alle veit at ljådne vart tynte før i tidi. Sigdane vart og tynte. Det er vel umlag 120 år sidan slipesteinane kom til bygdi. Men det var einskilde folk som helt på med tynning av ljår etter den tid. Ljårne vert verde i smidjå (ei) og so vert dei banka ut med hamar på ste.
Det var smedar som tynte ljådne.

5. Det fins ikkje slik stein som er nemt i spursmålet.

6. Det er ikkje noko viss tid ein brukar låen før enn ein slipar han. Når ljåen er utsjemd vert han slipt. Ein søkjer ikkje å greida seg utan slipestein til ljåen.

7. Det er jamt so at ein har eit fint-bryne til ein nyslipt ljå. Dette er av naturstein og vert brukt til låen vert noko sjemd, sidan brukar ein kvastein av kunstein desse er grovare og ein nyttar då desse til ljåen er so sjemd at han må slipast.
Ein har og bryne av hart tre. Ikråka (ei) kallar ein desse. Dei er laga av hart tre, ask, eik eller alm. Ein skyk ljåen

629

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

med stråkene etter ein har kvatt.
Det var helst før ein nytte desse stråkene, no har ein helst slutta med dei.

8. Ein tek gjæin av når ein slipar. Egga held ein alltid til seg når ein slipar, slik at steinen går mot egga.

9. Når ein bryner stuttorv set ein orvet millom låri, set føtne i kross. held i gjæin med venstre hand og kvet med høgre.

Langorvet set ein mot jordi held orvet inn mot seg slik at gjæin vender ut held venstre hand yver gjæin og kvet med høgre handi. Kvedjingi byjar ein innst mot orvet og fram mot odden. Handi flutter ein mot odden etter kvasstenen. Ein kvet ståare på denne måten.

10. Koppen som ein ber bryne i kallar ein skolp. (ein) sume kallar han og for kåtakolk.
Skolpane er laga av uthola tre.

11. Ein har ikkje båre bryna i horn.

12. Det er ein jarnkrok til å festa skolpen med. Denne kroken fester ein bak over belte eller bukselinnga. Denne kroken er fast i skolpen. 13 Ein har alltid vatn i skolpen so kvasteinane alltid er våte. Olja og sand brukast ikkje på trebryner.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING